# Vest – Telemark Motorhistoriske klubb

## Møtereferat

26.01.19 Seljord hotell

1. **Konstituering**

   a) Innkallinga vart godkjent.

   b) Bjørn Arild Hagen vart valgt til møteleiar.

   c) Solveig U. Hagen vart valgt til referent.

   d) 22 medlemmar med stemmerett møtte.

2. **Årsmelding**

   Arve Grinaker leste opp årsmeldinga for 2018, og den vart godkjent.

3. **Rekneskap 2018 med revisjonsberetning**

   Bjørn Arild Hagen orienterte om rekneskapet for 2018. Årsmøteforsamlinga meinar at forsikringane på eigedom og eigedelar er høg. Klubbhus komitèn får i oppdrag å ta ei vurdering av forsikringane til neste årsmøte.

4. **Budsjett for 2019 med fastsetjing av medlemskontigent for 2019**

   Bjørn Arild Hagen fortalde om korleis styret har sett opp budsjettet for 2019. Det kom fram at taket på klubbhuset bør skiftast, men dette er ikkje tatt med i budsjettet.

5. **Val – gjeld pkt. 5-12**

   Sigfred Nesheim kjem inn i brukt- og delemarknadskomitè. Valkomiteen prøvar å få inn ein person til.

   Olav Gundersen ynskjer å gå ut av valkomitèn etter mange år, men det har ikkje lukkast å få inn nokon andre. Valkomitèn må få dette på plass til neste år.

   Valkomitèn må til neste år prøve å få vallista til å stemme med valperioden slik at ein kan få til ein naturleg rokering av styretsamansettningen.

   Valnemdas forslag vart godkjent.

   Inge Tveitan gjekk gjennom terminlista for 2019

Dyrskuèn har sagt opp samarbeidsavtale med VTMK om brukt- og delemarknaden. Det er forhandlingar om ny avtale på gang. Brukt- og delemarked sitt forhandlingsutval jobbar hardt for å få ei god avtale.

I starten av juni skal det gå ein motorkonvoi frå Stavanger til Lillehammer. LMK feirar 40 år og i tillegg skal det nye motor museet opne. 6. juni kjem dei til Seljord og vil gjerne at VTMK slår følgje vidare til Lillehammer. Det er ynskje om at det blir eit opplegg rundt dette. Inge Tveitan koordinerar.

Sjøormløpet blir i 2019 arrangera i samarbeid med Seljordfestivalen. Det vart drøfta fordelar og ulemper rundt dette, me prøvar dette eit år og så får ein vurdere dette samarbeidet etterpå og sjå om dette er noko me vil fortsette med.

**13. Drøfte klubbens strategi og målsetting for dei kommande åra**

- rekruttera nye medlemmar
- lage ein informasjonsfolder om klubben
- få til tema på klubbkveldane som er attraktive og reklamere i sosiale media om arrangementa. Alle medlemmane vart oppfordra til å kome med innspel til tema på klubbkveldar.

Møtet vart heva  kl. 19.15

Seljord 28.01.19     Solveig U. Hagen – referent -